



Notat

Dato: 20.1.2016
Arkivsak: 2014/1323-28
Saksbehandlar: grejaco

Til: Medlemene i regionalt næringsforum

Frå: Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling, HFK

Regional planstrategi 2016-2020

Fylkesutvalet vedtok igangsetjing av arbeidet med regional planstrategi i møte 18.11.2015 (sak PS304/2015). Fylkesadministrasjonen jobbar no med denne i nært samspel med Hordalandssamfunnet; kommunar, statlege regionale organ og viktige organisasjonar.

Strategien skal vedtakast seinast eitt år etter at nytt fylkesting vart konstituert.

Planstrategi – ein strategi for planlegging

Regional planstrategi er eit overordna dokument som skal leggjast til grunn for fylkeskommunal planlegging og forvaltning i fylket. Strategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk, utfordringar, og utviklingsmogelegheiter. Den vil i tillegg vurderer behov for nye planar, revisjon av eksisterande regionale planar, og eventuelt om nokre planar skal utfasast.

Planstrategien blir den viktigaste planreiskapen for den regionale politiske leiarskapen komande periode, og skal leggjast til grunn for strategiske val og prioriteringar.

Regional planstrategi er formelt forankra i § 7-1 i plan- og bygningslova.

Planstrategi – ein arena for dialog og samhandling

Strategien skal utarbeidast i nært samspel med aktørar i Hordalandssamfunnet. Medverknadsprosessen skal sikra oss oppdatert kunnskap om situasjonen i Hordaland no, samt utfordringar og moglegheiter.

I dialog med Regionalt Næringsforum ønskjer vi å setja fokus på temaa næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Vi ønskjer innspel på følgjande problemstillingar:

- Kva er dei sentrale utviklingstrekk og utfordringane Hordaland no står ovanfor?
- Kva er vore viktigaste styrkjar, og korleis kan vi byggja vidare på desse?
- Korleis bør vi prioritera vår innsats?